

Volda vidaregåande skule  
Postboks 23  
6101 Volda

Volda 26.11.07

## Misbruk av skuleskyssordninga – innskjerping av kontroll

Viser til skyssreglement for Møre og Romsdal fylke, samt folder om skuleskyss som vert delt ut ved skulestart på alle vidaregåande skular i fylket.

Vi har i haust oppdaga mange tilfelle av misbruk av skuleskyssordninga:

- Mange utan rett til skuleskyss, går på utan å betale for seg.
- Korta vert nytta til fritidsreiser.
- Elevar som har mista kortet sitt, reiser med mellombelse skyssbevis over langre tid.
- Elevar selger korta sine til elevar utan skyssrett.
- Elever nekter å vise kort til sjåførane, og berre ler av dei.
- Sjåførar som gjer jobben sin med kontroll ihht instruks får verbal juling av elevane på ein sånn måte at dei vegrar seg å gå på jobb.

Det er sjølvsagt nokre få som øydelegg for alle. Dette medfører at vi må følgje regelverket slik det står i folderen som elevane har fått utdelt før skulestart:

- 1) Alle elevar viser skulekortet sitt uoppfordra ved påstigning på bussen. Dei som ikkje har kort, må betale eller velgje å stå av bussen. Skulle ein elev vere uheldig og ha gløymt kortet sitt ein morgon, skal likevel eleven kome seg på skulen.
- 2) Dersom ein elev har mista kortet eller ikkje har skaffa seg kort, må eleven betale til dette er ordna.
- 3) Mellombelse skyssbevis gjeld ikkje (unntatt er elevar på praksisplass med skriv frå skulen ihht avtale)
- 4) Skulereisebeviset gjeld ei reise pr veg pr dag.
- 5) Avgangane Volda kl 1350 og 1550 retning Ørsta er av kapasitetsmessige årsaker stengt for skulereisebevis. Andre avganger før skuleslutt kan nyttast dersom det er plass. Sjåføren avgjer om det er plass i bussen og avgjerdsla hans er endeleg.

Vi har starta ein innskjerping av kontroll allereie, men frå torsdag 03. januar skal alt vere på plass. Dette brevet er meint som ein orientering til skule. Vi ber om at skulen tar ein repetisjon av folderen med elevane og at dykk gjer dei merksame på innskjerpinga frå 03. januar.

Med venleg helsing  
Fjord1 Buss Møre AS

  
Administrasjonen